

Nummer 2

Kyrkjeblad for Øygarden

April 2015

42. årgang



**Skjergardsheimen
40 år**

10

9 890 overnattingar i 2014



Heidrar Alexander

avduking av minnesmerke
ved Kystmuseet, 28. mai.

12

- 3** Liten, men god som gull
- 5** Leirminne av Espen Tveten
- 8** Leir som trusopplæring
- 13** Årsmelding for 2014

Redaktøren har ordet

Frisk satsing i 2015/2016



Øygarden kyrkjelege fellesråd har godjent rammene for eit nytt team frå hausten av.

Arbeidskrafta som teamet utgjer vert viktig for å gjennomføra alle leirane som er planlagt framover. Det vert no 7 leirar mot 5 før. Leirane skal fyllast med innhald basert på ny trusopplæringsplan. Difor aukar og fellesrådet talet på kor mange som kan jobba i teamet, opp til 5 medarbeidarar. Det er sjølv sagt ein føresetnad at det er nok

søkjarar til teamet. Teamet er og ein viktig ressurs for anna kristent frivillig arbeid i Øygarden. Biletet viser Maria Vårvik frå årets team, som har andakt på yngres på Vik.

Å auka talet på teammedarbeidarar er ei frisk satsing. Ditt bidrag gjennom givarteneste er difor viktig.
Red.



Kjære lesar!

Me gratulerer Skjergardsheimen med 40 år. For mange er verksemda ved Skjergardsheimen ukjent. Utanfor kommunen er det mange brukarar av denne leirstaden, som Øygarden sokneråd står som eigar av. I bladet denne gongen gir me eit lite inntrykk av verksemda.

For kyrkja i Øygarden er Skjergardsheimen viktig. Leirane framover vert ein viktig del av trusopplæringa, som kyrkja har ansvar for, etter at kristendomsfaget vart teken ut av skulen. Leirane i regi av kyrkja utgjer berre ein liten del av den totale drifta ved Skjergardsheimen, men dei er altså viktig for kyrkja. Gjennom leirane ønskjer kyrkja at born og unge skal oppleva at dei er gode som gull, slik Annlaug skriv i si andakt.

Kyrkjeleg fellesråd som har ansvaret for økonomi og personale i kyrkja i Øygarden, har godkjent at ein kan ta inn 5 medarbeidarar i teamet frå hausten 2015. Teknisk sett er det soknerådet som tek ansvar for økonomien og det er heilt naudsnt at folk stiller opp og gir til dette arbeidet. Det er altså ikkje gratis å hyra inn ungdomar til teamet, som mange dreg vekslar på. Det kostar faktisk i overkant av 400 000 kr dersom ein skal ha 5 i teamet.

Soknerådet satsar og friskt når det gjeld misjonsavtalar, slik du kan lesa om på side 3. Kyrkjelydane kjem ikkje utanom eit engasjement skal ein lukkast med misjonsavtalane.

Det er årsmøte 22. april. Då må du delta. Programmet ser du til venstre. Hovudtema vert kyrkjelydsvekst og varme fellesskap. Kva som ligg i varme fellesskap ser du på side 20. Velkommen til eit interessant årsmøte.

Olav Martin Vik



DEN NORSKE KYRKJA

Øygarden sokneråd / Øygarden kyrkjelege fellesråd

Årsmøte 2015

for kyrkjelydane i Hjelme og Blomvåg

Blomvåg kyrkje onsdag 22. april kl. 18.00

Tema:

Kyrkjelydsvekst og varme fellesskap



Program

- Velkommen ved soknerådsleiar Erling Vik
- Val av møteleiar
- Val av 2 personar til å underskriva protokollen

Kort innleiing ved kyrkjeverje Olav Martin Vik

- Om årsmeldinga

Tema

Kyrkjelydsvekst og varme fellesskap ved sokneprest Espen Tveten.

Om å arbeida i undomsteam i Øygarden

- Spennande satsing i 2015/2016



Figurane og logoen som du ser til høgre vert å finna i mykje av vårt kommunikasjonsmateriell framover. Størst av alt er den offisielle logoen for trusopplæringa i Den norske kyrkja. Figurane skal illustrera gutter og jenter i Øygarden som trusopplæringa er retta mot.



56382240



Liten, men god som gull

Spørsmålet om kven som er viktigast eller størst har oppteke menneske til alle tider. Jesus sine læresveinar var ikkje noko unntak; dei krangla seg imellom om kven av dei som var størst.

Til slutt gjekk dei til Jesus med spørsmålet, og som ofte elles gjorde han noko overraskande:

«Då kalla han til seg eit lite barn, sette det midt imellom dei og sa: «Sanneleg, eg seier dykk: Utan at de vender om og blir som born, kjem de ikkje inn i himmelriket. Den som gjer seg sjølv liten som dette barnet, han er den største i himmelriket.» (Matt 18, 2-4.)

Det er som om Jesus seier: "De er opptekne av feil spørsmål, guitar!" I Guds rike handlar det ikkje om posisjonar og makt. I Guds rike er det slik at dei minste er dei største. Førebiletet vårt er eit lite barn! Det betyr sjølvsagt ikkje at vi i eitt og alt skal vere som born, men i vårt forhold til Gud, skal vi det.

Så kva kjenneteiknar borna? Det er vanskeleg å svare på, for dei er svært så samansette små menneske. Born som har det godt, er tillitsfulle, opne og kjærlege. Dei kan vere søte, glade og sjarmerande smårollingar, men dei kan også vere trassige små hissigproppar som kan setje foreldra sine på litt av ein tålmodighetsprøve. Eg trur Gud ønskjer at vi som tillitsfulle born skal komme til han med all slags kjensler. Både glede, frustrasjon, sinne og sorg, latter og tårer. Vi treng ikkje halde noko tilbake for Gud. Han elskar oss slik som vi er!

Når Jesus gjev oss borna som ideal, trur eg også han samstundes vil seie oss: Ikkje ver så sjølvhøgtidelege! Syng, leik og dans! Ver kreative og bruk fantasiene! Ta i bruk dei gåvane Gud har gitt dykk, og ten kvarandre med dei!



Annlang Børve er kyrkjeverje i Fjell og driv sondgsskule i Hjelme. Foto: Olav Martin Vik

Små born er nye i livet, og dermed manglar dei alt som skal til for å kunne ta vare på seg sjølv. Alt dei treng for å leve må dei ta imot. Eg trur det er dette Jesus siktar til når han seier at vi må bli som barn for i det heile å komme inn i himmelriket. All kunnskapen vår og alle ferdighetene våre er sjølvsagt goder vi har grunn til å vere takksame for, men ingenting av dette kan bringe oss ein millimeter nærmare himmelriket. Det kan berre trua på Jesus. Denne trua er ei gave vi berre kan få ved å rette ut tomme hender, og som små barn, ta imot.

Gratulerer

Øygarden sokneråd som eig Skjergardsheimen, gratulerer med 40-årsjubileet. Skjergardsheimen er ein viktig arena for barn og unge for å verta kjent med Jesus gjennom leirane i regi av soknerådet.

Kontingenten for ØyNytt

Denne gongen er det med ein kontingentgiro i bladet. Kontingenten er avgjerande for finansieringa av ØyNytt. Takk for ditt bidrag!

ØyNytt sitt kontonummer er: 3628 07.02557

Misjonsavtalar

Øygarden sokneråd har godkjent misjonsavtalar for perioden 1.6.2015 til 31.12.2017. Avtalen omfattar to prosjekt i Thailand. Avtalepartnaran er Det Norske Misjonsselskap og IMI-kirken. Avtalen med NMS gjeld Kyrkjesenteret i Mukdahan og avtalen med IMI-kirken gjeld Thailand Christian Network.

Begge prosjekta har som mål å sjå Guds rike gå fram, ved å utrusta lefolk til teneste.

Prosjekta har eigen stab av både nordmenn og thaiar. Stabane har god kjennskap til religion og kultur i Thailand.

Målet er å samla inn kr 30 000 til kvart prosjekt, pr. år. Det kjem meir informasjon om misjonsavtalane, i gudstenester og i ØyNytt.

Red.



Frelsesarmeens i Bergen arrangerte leir for born og ungdom på Skjergardsheimen, i palmehelga.

Flott å vera på Skjergardsheimen

ØyNytt besøkte Skjergardsheimen då Frelsesarmeens arrangerer leir for born og unge. Me har og tatt med nokre helsingar frå andre brukarar av leirstaden.

Tekst og foto: Olav Martin Vik

Frelsesarmeens på Skjergardsheimen

I palmehelga arrangerte Frelsesarmeens i Bergen, leir for born og unge frå Vestlandet, på Skjergardsheimen. Då ØyNytt kom på besøk var leirdeltakarane samla til bibeltime.

På veg inn møtte me eit par av leirlei- arane og det kom unisont at her var det godt å vera. Leirsjef Gro-Merete Strømsøy Trana (innfelt i biletet) gav klart uttrykk for at alt fungerte godt på Skjergardsheimen og gav ros til personalet ved leirstaden for deira veremåte.

Frelsesarmeens i Begen nyttar Skjergards -heimen som leirstad og denne leiren varte frå frå lørdag til tysdag. 90 born og unge var innom leiren. Det er utskifting av leirdeltakarar undervegs. Denne dagen var det det 52 deltakarar.

Leirdeltakarane trivest på Skjergardsheimen, fortel Marte som har reist heilt frå Florø for å delta på leiren, 7 år gammal. Rett nok hadde faren følgd henne til Bergen. Bibeltimar, opptrinn og song, sport og aktivitetar er noko av innhaldet på leiren. God mat er viktig og leirdeltakarane skryt over maten.

Leirsjefen viser oss ei utstilling av teikningar og bilete som leirdeltakarane har laga. Det er eit flott stykke arbeid, med mange fine kristne motiv.

Det kilte i magen

«Livet i fjæra» var og et emne der en måtte forflytte seg med kanoer for å finne den aktuelle fjæra. Turen dit var nok behageligere for siste gruppe i herlig solskinn torsdag ettermiddag. Det var ulike kveldsaktiviteter, men mange fikk sitt første nesten møte med et tre etter å ha sust over en myr i en slags klatresele. Selv noen lærlere fikk kjenne hvordan det kilte i magen! Litt ymse ble det med nattesovingen for noen, men sommernetter kan jo og brukes til så mangt f.eks nattbadning med hodelyktilsing av lærerne slik at brennmanetene kunne unngås eller rollespill som varte så lenge at en gikk rett til frokost klokken 7.

Turen sluttet slik som alle skolestiler sluttet: «Og alle var enige om at de hadde hatt en fin tur.» Nye vennskap var knyttet, og det ordinære skoleåret kunne begynne, og det var kanskje litt mindre skremmende å begynne i en ny klasse. Dette er stedet ansatte og elever gleder oss og komme tilbake til»

Elevinspektør Sandsli videregående skole
Stig Hammersland

Gratulasjonar frå Høyanger

«Skjergardsheimen har gitt oss svært mange gode minne gjennom åra vi har vore der. Eg hugsar godt guten som fekk ein torsk på vel fem kilo, kor sena hadde surra seg rundt sporen på fisken. Det var ei lokke som stramma seg til. Fisken hang ikkje på kroken. Fisken vart tung å få opp. Sjøfuglar med ørna i spissen er flotte syn. Østers og slangestjerne har elevane neppe sett før. Kjekt er det å sjå meistring og utvikling av vennskap i løpet av leirkuleveka. Det er mykje meistring i kano, fiskebåt og klatrevegg i løpet av leirkuleveka. Ja, og ikkje minst i det å greie seg sjølv! Gratulerer til jubilanten og takk for mange minnerike opphold frå elevar og vaksne frå Høyanger kommune! Med ønskje om samarbeid i mange år til!»

«På vegner av fleire hundre leirkuledeltakarar frå Høyanger kommune»

Bjørn Berge
Rektor Kyrkjebø skule

Espen Sigve Tveten, sokneprest



Leirminne

Kva tenkjer du når da les ordet «leir»? Mange har med seg mange minne om leir frå barndomen, forhåpentlegvis gode. I dåpsamtalar på kyrkjekontoret spør eg ofte foreldra om dei har vore på leir på Skjergardsheimen. Med nokon få unntak har dei det, og dei hugsar mykje derfrå. Når me spør konfirmantane kva dei er mest nøgde med i konfirmanttida, er svara nesten alltid «konfirmantleiren». Leir er viktig, og har ein god og lang tradisjon.

Eigne minne

Eg har sjølv minne frå leir. Eg vaks opp med ein leirplass i heimekommunen min Bamble. Somme stunder våga eg meg og til andre leirstader. I byrjinga av leiranane var det ikkje så kjekt, eg var stille og forsiktig. Men så vart det fotball, leik, song og lysbilde frå misjonslanda, og då var alt fint igjen. Etter kvart skjøna eg at leiranane var ein plass å boltra seg på. Det var tøys, trivsel og tru. Eg hugsar godt eg eit år var på vinnarlaget i bocciaturneringa, og ikkje minst da eg ble toppscorar på fotballeir. Store saker for ein ung sjel. Eg må vel og innrømma at me iblant kraup ut vindauga, tok ut sengebotnen for han i overkjøya eller lata som me sov da leiarane tok nattrunda. Og me dusja sjølv sagt aldri, om så leiren varte ei heil veke.

På leir møtte eg forkynning om misjon som fekk stor betydning. Under ein leir dukka det opp ein tanke om at eg i framtida kanskje skulle reise ut som misjonær. Tanken blei meir og meir

konkret, og resultatet ble teologistudie og 7 års teneste i Thailand. Det høyrer og med til mine leirminne at det på ein sumarfestival kom ei jente bort og ville snakka. Tre år seinare gifta me oss. Å reisa på leir kan få ringverknader...

Tidlaust

Kva er det som gjer at leir ikkje går av moten? På leir har me mykje tid saman, og me har tid til å byggja relasjonar og venskap. Det er tid og rom for å praktisere trua på kvardagsvis med bøn, Bibel, samlingar og song. Tru vert skapt og forma. Leirliarane er omsorgsfulle og initiativrike, og dei vert ofte førebilete for dei unge. På leir er det raske skifte frå det seriøse til det totalt useriøse. For mange er det og mykje meistring i å dra vekk på tur og klara seg utan familien. Og når ein vart for gamal til å reisa på leir, kan ein bli med som leiar. Det er ofte like kjekt som å vera deltakar.

Måtte det i framtida skapast mange gode leirminne i Øygarden!

“På leir møtte eg forkynning om misjon som fekk stor betydning. Under ein leir dukka det opp ein tanke om at eg i framtida kanskje skulle reise ut som misjonær”

Konfirmasjonar i 2015

Blomvåg 2. mai kl. 10.30

Anders Refvik Torsvik
Kristian Heggholmen Fjeldstad
Anders Harkestad
Simen Didriksen
Halvor Klepsvik
Marita Hellebø
Pauleen Laurejas
Mathias Tvedt Andersen
Julie Sol Knudsen
Maria Heimark
Henrik Monsen
Mikael Emanuel Hæsken
Sebastian Waldemarsen

Blomvåg 2. mai kl. 12.30

Silje Mari Malmedal Alden
Julie Natasha Grundvåg
Kim Tejas Eriksen
Caroline Askeland
Helene Torsvik
Remi Emil Heggøy
Maylen Vik Paulsen
Nathalie Aldersjøen
Camilla Landro
Kristian Rong
Keylinn Isabell
Langhelle Gulbrandsen
Inger Kristine Fjeldstad

Blomvåg 3. mai kl. 11.00

Caroline Berentsen Fortun
Henriette Mjøs Holmedal
Thor-Andre Bjørsvik
Vilde Wågen
Josefine Solås
Severine Sæle
Lilly Haugetun Hitsøy
Martin Torsvik Jacobsen
Kristoffer Sæle Villanger
Anja Oen
Øystein Straume Lyslo
Christopher Scheie Leiva
Celine Serenne Misje Steinset
Andrea Andersen

Blomvåg 9. mai kl. 10.30

Daniel Robert Lloyd
Susanne Breivik
Adrian Nygård Fuglevand
Victoria Helland
Synnøve Kristin Anglevik
Anders Kårbo Rong
Vilde Blom Watnedal
Sander Oen

Blomvåg 9. mai kl. 12.30

Vilde Hitsøy
Stian Breivik
Ole Martin Oen
Bjørnar Steen Dale
Henriette Rong Kleppestø
Malin Færstrand Solberg
Joakim Bertin Sæle
Sofie Malene Andersen
Adrian Sjøvold Fjeldstad
Ole Martin Halvorsen

Hjelme 10. mai kl. 11.00

Tonje Marie Hatten Rossnes
Synne Nordøy
Alette Sanden
Melissa Sævdal Tranøy
Karen Oliva Solheimslid
Silje Mari Breivik
Miriam Sandøy
Steffen Alexander Rommetveit
Ingrid Louise Tveit
Fredrik Elias Fjeldstad
Preben Fjeldstad Hellesund
Martin Andreas Hellesund Sæle

Møte med konfirmantforeldra

I 2014 og 2015 har det vore 3 møte for konfirmantforeldra. Det er viktig for kyrkja å ha dialog med konfirmantforeldra gjennom konfirmanttida.

I tillegg til praktisk informasjon og dialog har det vore fokusert på tre tema: Tru. Håp og Kjærleik.

Medverkande fra kyrkja har vore soknepresten, kyrkjelydspedagogen og ungdomsteamet.



Fin konfirmanttid

Camilla Landro (t.h) og Julie Sol Knudsen har vore konfirmantar i år. Vi tok ein prat med dei.

Kva forventa de før de starta på dette året?

Julie: Vi gleda oss litt, men det har vore endå betre enn forventa!

Camilla: Eg hugsar eg var litt redd også. Det var litt skummelt å starte på noko heilt nytt!

Kva har vore det beste med året?

Begge: Konfirmantleiren var best!

Julie: Og så var det veldig gøy med konfirmantløpet der vi sprang og samla inn pengar til KRIK i Øst-Afrika.

Camilla: Det har vore veldig kjekt å få vera så mykje saman med alle. Det har vore eit godt miljø. Sosialt har det vore eit bra år!

Har året gjort noko med trua dykkar?

Julie: Ja, eg trur meir på Gud no. Det er lettare åtru når vi har lært meir.

Camilla: Ja, og eg merker faktisk at eg tenker meir over det som har med kristen tru å gjera i kvar dagen.

Har de noko å sei til neste års konfirmantar?

Begge: Gled dykk!



F.v. Maria Vårvik, Maria Markussen og Ane Marte Mikalsen

Trivest i Øygarden

Det har vore så godt og trygt å koma her, også sjølv om eg kjem heilt frå Danmark, seier Maria Markussen som arbeider i ungdomsteamet i regi av kyrkja i Øygarden.

Tekst og foto: Olav Martin Vik

Det er ikkje berre berre å vera ung og verta kasta inn i eit krevjande kristent barne og ungdomsarbeid. Opplæringstida er kort og det vert mange arbeidsøkter både i helg og på kveldstid. Øynytt har prata med ungdomsteamet om tida i Øygarden.

"Vi sitter her, tre trøtte jenter på kirkekoret en tidlig mandagsmorgen klokka halv ett. This is Øygardsteamet speaking. And we are very international" Slik lyder det frå teamet.

Når me ser tilbake på tida me har hatt saman i Øygarden slår det oss at den har floge av stad. Men sånt skjer når du er i godt selskap, og det har me verkeleg vore il! seier dei. For når me har komen inn dørane på kyrkjekontoret, truffe konfirmantar på undervisning (og på Eurospar), besøkt arbeidet på dei forskjellige bedehusa eller vore ei helg på leir på Skjergardsheimen, har me møtt utruleg mange vennlege, imøtekommande og ganske enkelt heilt fantastiske menneske

i alle aldre, kjem det unisont.

«Det har vært så godt og trygt at komme her, også selv om jeg kom helt fra Danmark. Og så har det givet utrolig meget mening at bruge et år i tjeneste. Fantastisk at være med til at formidle Guds ord til både børn og unge. Jeg har lært så meget!», seier Maria Markussen frå Danmark. Ane Marte er enig. «Å vera i team er utfordrande. Men Gud har ført oss her, og Han set oss i stand til å ta imot de utfordringane som kjem. Det er utrolig flott å få oppleva», fortel Ane Marte. Den andre Maria tilføyer: «Å arbeida i Guds rike er spennande. Tenk at Gud vil bruka oss som trur på Han til å dela den gode bodskapen om Jesus vidare. Utruleg godt å få vera ein reiskap i Skaparens hand, og få erfara at i min svakhet så er Han suveren!»

Me kan ikkje anna enn å vere takknemleg for det me har fått vere med på dette året i Øygarden. Det kjem til å verta vanskeleg å reise frå vårt fine hus og den flotte naturen, men mest av alt vil me savna det

varme og gode fellesskapet me har vorte ein del av, seier dei.

Då gjenstår det å sei takk; for året, for mange smil, for opne armar, stor tillit og Ordet om Jesus som me har fått dele saman. Me gler oss til den siste tida me enno har saman her i Vestlandets perle

«Om nokon talar, han tale som Guds ord. Om nokon tener, han tene ved den kraft Gud gjev, så Gud må verta æra i alt ved Jesus Kristus – han som æra og mакta tilhøyrer i all æve. Amen.» 1. Pet. 4,11

Teamet 2014/2015

Maria Markussen, Danmark
Ane Marte Mikalsen, Alta
Maria Vårvik, Randaberg

Teamet
møter du og på årsmøtet
til kyrkja i Blomvåg kyrkje
onsdag 22. april kl. 18.00

Børn og unge



Godnatt-samling på gangen på 3.-4. klasseleir



Frå 5. klasseleir i februar



Leir som trusopplæring

Tekst og foto: Hogne Berland

Kyrkja i Øygarden held for tida på å lage ein ny trusopplæringsplan. Leir vil verta ein sentral byggestein i den nye planen. Framover vil det satsast endå meir på leir på Skjergardsheimen.

Trusopplæring for dei døypte er viktig. Trusopplæringsplanen er ein plan over kva tilbod dei døypte mellom 0 og 18 år skal ha i Øygarden. Kvart årskull skal få tilbod om å vera med på eit trusopplæringsstiltak som er tilpassa spesielt for dei.

I Øygarden har leir på Skjergardsheimen lange tradisjonar. Mange foreldre som sender borna på leir her no, har sjølv minner frå den same leirplassen. Å lære om trua på leir er altså ikkje noko nytt, men i framtida vil det jobbast endå meir med å utvikle leiranane som god og tilpassa trusopplæring. Talet på leifar vil auka. Leirdag for 1.-2. klasse held fram. For barneskuletrinnet vil det verta ein eigen helgeleir for kvart årstrinn frå 3.-7. klasse. I tillegg kjem leiren for ungdomsskulen.

Kvar leir vil få eit spesielt tema. Leiren for 4. klasse har til dømes tema «På sporet av Jesus». Då vil dette gå igjen på bibelsamlingar, møter og i aktivitetar på leiren. Alle nye 4. klassar får altså gått gjennom det same opplegget. Når planen er ferdig vil den difor gje eit betre bilet av kva tema dei som har delteke på leiranane faktisk har fått opplæring i.

Det er mange grunnar til at leir er ein god arena for trusopplæring. Kanskje er det viktigaste at ein har så god tid. Ei



Hogne har ordet

Hogne Berland, kyrkjelydspedagog

Det er eigentleg rart så fort eit konfirmantår går. Eg synes vi nettopp traff årets konfirmantar på den første undervisninga. Sjølv om det har gått fort, har vi fått oppleve mykje saman. Vi har nett hatt samtalar med alle konfirmantane

og dei fleste held fram leiren som eit høgdepunkt. Eg må sei meg veldig einig i det. Gjengen i år har vore utruleg positiv og kjekk å vera saman med. Det merka vi spesielt på ei sånn helg som vi fekk ha saman i Sætervika.

På undervisninga har det vore artig å bli møtt med spørsmål i veldig forskjellige kategoriar. Alt i frå: «Synes dåke det er

dumt om vi tømmer brus på bordet?» til dei litt meir djupe «Korleis kan Gud sjå alle alltid?» eller «Kva skjer med dei som ikkje trur på Jesus?».

Konfirmantane overraskar stadig og har klare tankar og gode spørsmål om kristen tru. I skrivande stund skal vi straks i gang med den siste konfirmantundervisninga. Eit kapittel vert avslutta, men

Kva skjer!



Frå 6. klasseleir i desember

heil helg der ein både kan få lære og bruke tid på å undre seg og arbeide vidare med det ein har lært.

I tillegg er leir ein ypperleg arena for leirtrening av ungdom. Dei som deltek på K2, det nye opplegget for fjarårskonfirmantar, vil få tilbod om praksis som leirleiarar. Mange andre ungdommar er også ivrige på å vera med som leiarar. Leirleirkurs ein gong i halvåret vil difor vera ein viktig del av nye trusopplæringsplanen.

eit nytt kan begynna.

Konfirmanttida er berre ein etappe på vegen. Nokon har gått mange etappar før. For andre er det kanskje førsteetappen i det å få eit eige forhold til Jesus og trua. Vi håpar å få vera med konfirmanane på reisa vidare, både gjennom gudstenester, ungdomsklubb og det nye opplegget for fjarårskonfirmantar, K2!

Ungdomsskuleleir

24.-26. april er det ungdomsskuleleir på Skjergardsheimen. Tema for leiren vert «Levande tru». I år er det Friluftslivets år. Vi satsar difor på spennande friluftsaktivitetar på leiren. På lørdagen vert det fisking, klatring og kanotur for dei som vil. Påmelding til Kyrkjekontoret. Tlf: 56382240. E-post: kontor@kyrkja.net.

Andre leirar på Skjergardsheimen

| | |
|------------------|----------------------|
| 16. mai: | 1.-2. klasse leirdag |
| 3. oktober: | 1.-2. klasse leirdag |
| 23.-25. oktober: | 3. klasseleir |
| 4.-6. desember: | 4. klasseleir |

Refuel

| | |
|-------------|------------------|
| 17. april | |
| 8. mai | |
| 29.-31. mai | Refuel Weekend |
| 12. juni | Sommaravslutning |

Stad: Rong bedehus
Tid: 19.30-22.30

KRIK

| | |
|-----------|---------------------------|
| 24. april | |
| 15. mai | |
| 22. mai | |
| 31. mai | KRIKmesse, Blomvåg kyrkje |
| 5. juni | |

Stad: Toftøy gamle skule
Tid: 19.00-21.00

Kan du hjelpe teamet med leilegheit?

Kyrkja sitt ungdomsteam har dei siste åra budd på Torsvik. No er det ikkje mogleg å leige huset der lenger og vi ser oss om etter ein ny stad. Til neste år vert det også både gutter og jenter i teamet. Det vil sei at dei treng to leilegheiter til ein god pris. Kanskje har du noko ledig? Eller veit om nokon andre som har noko ståande? Vi er svært takksame om nokon kan hjelpe! Ta i så fall kontakt med kyrkjekontoret!

Skjergardsheimen 40 år - e

Livskraftig 40-åring, ukjent for mange i Øygarden, men stor leirskuleaktør og leirstad for brukarar utanfor kommunen. I 2014 var det 9 890 overnattingar på Skjergardsheimen.

Tekst og foto: Olav Martin Vik og Jan-Owe Jensen

Mange tenkjer på Skjergardsheimen som leirane til kyrkja. Men, det er berre ein liten del av verksemda.

Starten

Skjergardsheimens historie startar med eit vedtak i kommunestyret 20.mai 1974 der kommunen gir staden til det som den gongen bar namnet Øygarden Soknerådsutval. Det var starten på det som i dag er Skjergardsheimen, eigd av Øygarden sokneråd.

Barnehagen vart starta i september 1975 og haldt til her i 30 år då ein flytta til Tjeldstø. Leirskulen vart starta i 1980 i samarbeid med Øygarden kommune. Frå 2003 har Skjergardsheimen sjølv stått for drifta til ein leirskule som i dag lever i beste velgåande.

Bergen kommune, ein av mange

Sommarleirar for Bergen kommune har vore og er ein viktig aktivitet, fortel dagleg leiar Jan-Owe Jensen. Born frå Bergen får eit 12 dagers tilbod på Skjergardsheimen og mange har gode minne frå slike opphold. Me har og eit ferieopphold for psykisk og fysisk funksjonshemma frå Bergen. Dette er og på 12 dagar.

Dugnad

Skjergardsheimen er bygd opp ved hjelp av ein stor dugnadsinnsats gjennom mange år. Dette måtte til for i det heile tatt å ha mulighet for å klara dei store utbyggingsane som er vorte foretatt gjennom åra, seier Jan-Owe.

Milepælar

Nokre milepælar er i 1982 og 1986 med bygging av resepsjon, matsal, peisestove og utviding av barnehagen. 1996- utbyggning av internat med 29 rom alle med dusj og toalett. I 2006 utviding av matsal i forbindelse med at barnehagen flytta og ombygging av kjøkken. I 2012 ny ombygging av kjøkken med anskaffelse av ny kjøl

og frys og utviding av kjøkkenarealet.

Sjøanlegg og klatrevegg

I 2005 fekk ein nytt sjøanlegg med naust i Skjoldepolden. Skjergardsheimen kjøpte dette anlegget i 2009. Det at me har vårt eige anlegg har vore eit viktig bidrag spesielt til leirskulen og sommarleirdrifa, seier Jan-Owe.

Skjergardsheimen disponerer og ein klatrevegg på Skjold der me gir opplæring i klatring og sikring.

29 rom og store fellesrom

Skjergardsheimen består i dag av eit hovedbygg med kjøkken, matsal, peisestove, grupperom, tørkerom, vaskerom og nokre overnattingsrom. Internatet består av 29 rom med dusj og toalett samt spelerom med airhockey, fotballspel, biljard og bordtennis. Der er også ei TV-stove. Eit annekts vert brukt til overnatting for lærarar som underviser på leirskulen.

Godt utstyr for spennande aktivitetar

Leirstaden disponerer forskjellig utstyr til dei forskjellige aktivitetane. Dette er mellom anna 2 stor livbåtar, 3 litt mindre båtar med påhengs, 8 kanoar, livvestar, fiskeutstyr, vannkikkertar, klatreutstyr, paintball utstyr og lavvoar.

Stor aktivitet i 2015

Aktiviteten er stor gjennom heile året. Me skal for eksempel ha besøk av 26 skular nå i leirskulesesongen. Me skal ha tre leirar for Bergen kommune. Det skal vere ei rekke forskjellige weekendar både for konfirmantar, kyrkjelydar, skulekorps og andre. Leirar for kyrkja i Øygarden, og ein del kursvirksomhet i vekedagane. Me har også dagsbesøk av skular og barnehagar, fortel Jan-Owe.

Stor arbeidsplass

Skjergardsheimen har i dag 3 fast tilsette



Bilete t.v. På overnattingstur Bilete opp t.h. St.

i 100 % stilling fordelt på dagleg leiar, kjøkken og vedlikehald. Det er 2 fast tilsette lærarar i deltidstillinger og i tillegg 3 lærarar på timebasis. I dei travlaste periodane er det bruk for ekstrapersonell både til aktivitetar og kjøkken og reinhald.

I 2014 var det totalt 48 tilsette gjennom sesongen. Skjergardsheimen har eige styre med styreformann Audun Sæle i spissen.

Brukar Øygarden som arena

I alle aktivitetar vert Øygarden brukt og dei muligheter som er her. Det gjeld sjølvsagt sjøen, men også stadar som Øygarden visningsanlegg, Kystmuseet og Tjeldstømarka er flittig i bruk.

Gjestane tek difor med seg mykje kunnskap om Øygarden og natur og

in livskraftig leirskule



yreleiar Audun Sæle og dagleg leiar Jan-Owe Jensen. T.h. Poulaert med båtliv

folkelivet her.

Me som jobbar på Skjergardsheimen set stor pris på alle de utfordringar som møter oss, seier Jan-Owe.

Framtidsvisjonar

I åra framover vil me fortsetta med

kystleirskulen, der elevane kan få opplevinga av storfjorden og den flotte naturen me kan by på. Dette krev at me har høgt kvalifisert lærarar, noko som me set mykje inn på å få til. Viktig er også vinterdrifta der me stadig jobbar for å få kurs og konferansar til staden som kan gi oss gode bidrag

til drifta.

Me håpar og på eit enno betre samarbeid med barnehagar og skular i Øygarden og at me og kan bidra til aktivitetar som Øygarden kommune har ønskje om, seier ein alltid engasjert dagleg leiar ved Skjergardsheimen, Jan-Owe Jensen.

Fantastisk samarbeid

Gjennom si satsing på kystkultur, har Tjeldstø barnehage fått tilbod om eit fantastisk samarbeid med Skjergardsheimen leirskule det siste året. Dei stiller villig opp med minibuss på barnehagen sine turdagar, og har mange flotte aktivitetar å tilby.

Vi har m.a. fått vere med på fisketurar, båtturar, fjellklatring, turar i skog og mark,

utflukter for å sjå på livet i fjæra, bålbrunning, tilbereding av fiskerettar, ulike tematurar etc. Leirskulen tek til dagleg imot elevar frå fjern og nær, og vi som jobbar og bur i Øygarden kan vere veldig stolt over å ha ein så flott leirskule like utanfor stovedøra i vår eigen kommune. Tjeldstø barnehage vil med dette få rette ei stor takk til Jan Owe

Jensen og hans dyktige medarbeidarar, for det unike samarbeidet og den store velviljen som dei har vist i møte med oss som barnehage, seier styrar i Tjeldstø barnehage, Hilde Ervik.



Heidrar Alexander Dale Oen

Tekst: Ottar Vik. **Foto:** Privat, Bergen kommune, Ottar Vik.

Den store idrettsutøvaren Alexander Dale Oen, som døydde brått og uventa 1. mai 2012, ville fylt 30 år den 21. mai 2015. I den anledning vert Alexander heidra med eit minnesmerke på heimstaden sin i Ovågen i Øygarden. Skulpturen skal stå ved Kystmuseet, og i samband med avdukinga vert det halde ein minnekonsert der også lokale songarar deltek.



Tvillingparet Maxmillian og Augusta

(10 år) skal heidra syskenbarnet sitt med songen "Heier på deg" saman med Gospel Teens, som bidreg med fleire songar. Ein nykomponert song tileigna Alexander, med NRK sine TV-bilete av Alexander sine symjeprestasjonar i bakgrunnen, vert

framført av Isabel Park saman med köristar. Øygarden har mange flinke songarar, og i tillegg til Kine Oen, som skal syngja "Gabriellas song", vil også elevar frå Øygarden Ungdomskule framføra fleire songar. Det vert også instrumentalinnslag med kornett og saksofon.

Christine Gulbrandsen

vil også opptre, både åleine og saman med ei songgruppe av ungdomar.

Bergen kommune

har sterke band til den dyktige symjaren frå Øygarden. Alexander var medlem av Vestkantsymjarane, og Bergen kommune har kalla den nye store internasjonale symjearenaen – AdO-Arena – opp etter strilen frå Øygarden. Ordførar i Bergen kommune, Trude Drevland, skal stå for avdukinga av skulpturen, og ei rekke framtredande personar frå symjemiljøet, frå næringslivet og politikken vil vera tilstades under arrangementet.

Skulpturen, eit spleiseland

Skulpturen viser Alexander si glede over å vinna VM gull 27. juli 2011, då han helste heim til Noreg, som var i sorg, ved å peika på det norske flagget på badehetta. For å få reist dette minnesmerket har næringsliv, kommunar og fylkeskom-

mune vore med i eit spleiseland og bidrige med til saman 1.150.000. kroner. Konserten vert difor gratis. Kommunestyret i Øygarden har også vedteke å rusta opp uteområdet ved Kystmuseet med 2 millionar kroner, og arbeidet skal vera ferdig i midten av mai.

Torsdag 28.mai

vert Alexander Dale Oen heidra med minnesmerke. Det er eit ynske at mange frå Øygarden kjem til Kystmuseet kl 18.00 denne dagen, for å delta og heidra ein stor idrettsmann frå Øygarden og heile Noreg!



Ordførar i Bergen, Trude Drevland.

Slik var 2014

“Guds ord er rikeleg forkynt og det er vekst i arbeidet”. Slik står det å lesa i Øygarden sokneråd si årsmelding for 2014. ØyNytt presenterer her eit utdrag av det som står i årsmeldinga for 2014.




Konfirmantane laga gudsteneste i Hjelme kyrkje

53 gravferder (jordpåkastingar)

Det var 53 gravferder i 2014. Det er mange. Nokre veker var det 3 og 4 gravferder. Til samanlikning var det 56 i 2012 og 28 i 2013. Ca. 6000 personar deltok i gravferdene.

Offer i kyrkjene og fast givarteneste



4043 medlemer

Det var 4043 medlemer i Den norske kyrkja i Øygarden pr. 1.1.2015.

Folketalet i Øygarden er no ca. 4700.

I 2014 var det 5 innmelde og 6 utmelde i Den norske kyrkja i Øygarden.

9394 på gudstenestene

9 394 personar deltok på dei ulike gudstenestene i 2014. Det er 431 fleire enn i 2013.

Frå 2010 og fram til 2014 har deltakartalet auka med 2 346.

Bildet er frå ei gudsteneste i Hjelme kyrkje, som konfirmandane stod for.

Julegudstenestene er godt besøkt. Det var godt frammøte på “Vi syng jula inn”, i begge kyrkjene.

Auke i offera

Det vert gitt meir i offer. Illustrasjonen til venstre viser utviklinga.

Nytt er at det vert gitt pengegåver fast. Desse midlane vert no nytta til å finansiere TEAMET.

I 2014 kom det inn kr 244 940 i offer i kyrkjene. Av dette var kr 69 251 til arbeidet i kyrkjelyden.

Utanom offer vart det gitt kr 79 850 i fast givartenste og kr 21 580 som andre gåver.

Takk til alle som gir!

Slik var 2014 - årsmelding for Den norske kyrkja i Øygarden


Kyrkjelydsvekst (NAMU, eller Naturleg menighetsvekst) har som mål å auka gudstenestedeltakinga ved å fjerna hindringar som gir vekst. Ei undersøking mellom eit utval av kyrkjemedlemer i Øygarden viser eit sakn av varme fellesskap.

NAMU

Øygarden sokneråd har starta eit arbeid i kyrkjelydane som heiter naturleg kyrkjelydsvekst. Arbeidet er kome godt i gong. Ommund Rolfsen som er fagperson innanfor kyrkjelydsvekst er rettleiar.

Sokneprest Espen Tveten, saman med ein namukomité er sentral i arbeidet.

Døypte i Øygarden 2009 - 2014



I snitt for perioden 2009-2013 er det født 58 born pr. år

54 døypte

Nasjonalt er det færre som vert døypt.

For 30 år sidan var 97 prosent av alle nyfødte i Norge døypet i Den norske kyrkja. I fjar var andelen nede i 62 prosent, to prosent færre enn året før. Tala bekymrar kyrkja.

I Øygarden held dåpstala seg høge. Illustrasjonen viser talet på døypte sett opp mot eit snitt av fødte born for same perioden.

61 konfirmantar

Konfirmantane samla inn kr 75 000 til KRIK sitt arbeid i Aust-Afrika

Stor aktivitet

Mange born i Øygarden deltek på mange aktivitetar i kristen regi. Det er mange frivillige som gjer eit formidabelt arbeid. Den norske kyrkja i Øygarden stiller personalressursar til rådvelde i dette arbeidet.

Tabellen til venstre viser tilboda der kyrkja stiller resussar til rådvelde jamlegg, eller tilbod som kyrkja driv i eigen regi. I tillegg kjem alle besøk til lag og foreningar i løpet av året.

Det er i hovudsak kyrkjelydspega-gjen og teamet som utgjer denne ressursen. Alle tilsette er på ein eller annan måte involvert i dette arbeidet.

| Aktivitetar der tilsette i kyrkja er med | Når | Tal på deltakarar |
|---|----------------------|-------------------|
| KRIK, Toftøy skule for 8 klasse og oppover | Annankvar fredag | 20-40 |
| K2. Etter konfirmanttida | Ein gong i månaden | 24 |
| KRIK 18+, Kulturhuset | Annankvar tysdag | 10 |
| Konfirmantar i 2014 | Gjennom året | 61 |
| Barnekantoriet, kor born 2.-7. klasse fordelt på to grupper | Fredag og tysdag | 20 |
| Pluss-klubben 5.-8. klasse, Oen bedehus | Ein onsdag i månaden | 30-40 |
| Skulelaget, 8.-10. klasse | Kvar torsdag | 20-40 |
| Refuel, Rong bedehus ungdomsklubb frå 8 klasse + | Annankvar fredag | 40-50 |
| AHAVA Ungdomsklubb, 5.-10. klasse | Ein fredag i månaden | 10-20 |
| Øygardskoret, vaksenkor | Kvar tysdag | 12 |
| Gospelteens, kor for born og unge, i aldersgruppa 10-13 år. | Annankvar tysdag | 30 |
| Leirar, total deltaking | Gjennom året | 234 |
| Babysong, Blomvåg kyrkje | Annankvar måndag | 6-11 |

Kyrkja møtte menneske **23 000 gonger** i 2014, om ein slår saman alle tala i tabellen, gudstenestedeltaking og deltaking i gravferd. Dette er eit forsiktig overslag.

Slik var 2014 - årsmelding for Den norske kyrkja i Øygarden



Konfirmantane spring til inntekt for KRIK i Aust-Afrika. Foto: Torgeir Sandøy Johannessen

1014 born og unge i alderen 0-18 år

1014 born og unge i alderen 0-18 år i Øygarden pr. 1.1.2015. Det er denn aldersgruppa trusopplæringa er retta mot. Trusopplæringa skal nå breiddt. I 2014 vart det tilsett kyrkjelydspedagog i 100 % stilling. i 2014 fekk Øygarden tildelt trusopplæringsmidlar frå Kyrkjerådet.

Det er stor oppslutning om t.d. leiarar, KRIK og ungdomsklubben Refuel. Refuel er eit samarbeid mellom INRI og kyrkja. Skulelaget og Pluss-klubben har god oppslutnad. Enkelte veker når det er leir og alt arbeidet går for fullt kan ein ha opp mot 250 born og unge (i veka) på dei ulike tilboda. Det er eit godt samarbeid med skular og barnehagar.

Det vert utarbeida ein ny plan for trusopplæringa i Øygarden. Mange av tiltaka me har no vil inngå i denne planen, men arbeidet vert meir systematisert i forhold til alder.

Takk til alle frivillige som er med i dette arbeidet.



Fra eldreturen i 2014 Foto: Karstein Fjeldstad

Diakoni

Diakoni er evangeliet i handling. Besøksteneste, temakveldar, PREP-kurs, eldretreff og integrering er stikkord i det diakonale arbeidet i Øygarden. Frivillige er med og driv eldretreffa og er med og arrangerer den årlegeturen, som i 2014 gjekk til Sund (biletet).


Det trengs fleire frivillige i diakoniarbeidet.

Kor og kyrkjemusikk

Kantor driv Barnekantoriet og Øygardskoret. Både Barnekantoriet og Øygardskoret deltek på gudstenenest er gjennom året og eit par gonger på Tednebakkane omsorgssenter.

Gospel teens øver fast i Blomvåg kyrkje. Det er frivillige uløna medarbeidarar som står for dette tiltaket.

Gjennom året har det vore 11 arrangement med konsertpreg, i kyrkjene i Øygarden.



NORSK SALMEBOK 2013

Det vart kjøpt inn 210 nye salmebøker i 2014. Sparebanken Vest gav kr 30 000 til dette føremålet

Nye tiltak i 2014

K2

Nytt hausten 2014 var at det vart starta opp eit opplegg for fjarðrskonfirmantane. Opplegget har fått namnet K2 og målet er at ungdommane skal få utforske den kristne trua endå meir. Undervisninga, som er ein gong i månaden, går meir i djupna og vi freistar å gjere undervisninga endå meir livsnær. I snitt 24 deltakrar.

Babysong i Blomvåg kyrkje

Babysong er eit nytt tiltak i 2014 og inngår i trusopplæringa. Det er på dagtid annankvar måndag i Blomvåg kyrkje. Tiltaket er populært. Det vert brukt eksisterande lønsmidlar for dette tiltaket.

Slik var 2014 - årsmelding for Den norske kyrkja i Øygarden

| Statistikkar for perioden 2008-2014 | | | | | | | | |
|---|-------|--------|-------|--------|--------|---------|---------|-------------|
| Aktivitet | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2014 totalt |
| Døpte i Blomvåg | 41 | 34 | 19 | 34 | 27 | 31 (27) | 43 (37) | 54 |
| Døpte i Hjelme | 15 | 9 | 27 | 17 | 4 | 16 (4) | 11 (4) | |
| Konfirmantar i Blomvåg | 45 | 46 | 0 | 37 | 40 | 39 | 46 | 61 |
| Konfirmantar i Hjelme | 10 | 13 | 59 | 14 | 10 | 15 | 15 | |
| Vigde i Blomvåg | 5 | 10 | 2 | 17 | 9 | 11 | 13 | 14 |
| Vigde i Hjelme | 1 | 5 | 7 | 3 | 1 | 1 | 1 | |
| Gravlagde i Blomvåg | 16 | 26 | 8 | 19 | 38 | 20 | 36 | 53 |
| Gravlagde i Hjelme | 15 | 10 | 31 | 13 | 18 | 8 | 17 | |
| Innmelde total | 0 | 1 | 1 | 2 | 1 | 2 | 5 | |
| Utmelde total | 5 | 5 | 5 | 4 | 4 | 0 | 6 | |
| Gudsteneste søndag | 69 | 63 | 59 | 62 | 65 | 66 | 85 | |
| Andre gudstenester | 12 | 17 | 17 | 17 | 11 | 16 | 2 | |
| Nattverdsgudstenester | 41 | 38 | 36 | 39 | 42 | 44 | 37 | |
| Gudst. deltaking Blomvåg | 5386 | 5009 | 2990 | 4352 | 4999 | 5610 | 5556 | 9394 |
| Gudst. deltaking Hjelme | 2825 | 2751 | 4058 | 2966 | 3100 | 3353 | 3838 | |
| Deltaking i snitt Øygarden | 101 | 97 | | 92 | 106 | 109 | 108 | |
| Nattverdsgjester Blomvåg | 970 | 931 | 645 | 957 | 948 | 1448 | 930 | 1473 |
| Nattverdsgjester Hjeme | 626 | 667 | 894 | 550 | 850 | 747 | 543 | |
| Kyrkjoffer Blomvåg | 94028 | 101369 | 88645 | 106702 | 98170 | 127757 | 127543 | 244 940 |
| Offer til eige arbeid | 27092 | 23235 | 18139 | 23483 | 24351 | 119626 | 36101 | |
| Kyrkjoffer Hjelme | 82028 | 83376 | 87803 | 97172 | 100992 | 100689 | 117397 | |
| Offer til eige arbeid | 19339 | 20112 | 25242 | 20593 | 21033 | 93833 | 33420 | |
| Givarteneste | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 46800 | 104250 | |
| Merknad 1. Talet i parantes er born som hører heime i soknet. Dei andre er frå andre sokn, eventuelt og utanfor Øygarden. | | | | | | | | |
| 4-årsbok utdeling Blomvåg - kullet totalt | | | | 42 | 46 | 35 | | |
| Møtte i kyrkja | | | | 25 | 21 | 9 | | |
| 4-årsbok utdeling Hjelme - kullet totalt | | | | 10 | 7 | 8 | | |
| Møtte i kyrkja | | | | 5 | 5 | 6 | | |
| 5-års bibel udeling i Blomvåg - kullet totalt | | | | 41 | 43 | 52 | | |
| Møtte i kyrkja | | | | 29 | 21 | 20 | | |
| 5-års bibel udeling i Hjelme - kullet totalt | | | | 6 | 7 | 8 | | |
| Møtte i kyrkja | | | | 5 | 5 | 5 | | |

Frivillige medarbeidarar

Det er ca 60 frivillige uløna medarbeidarar som stiller opp i ulike i samanhengar i regi av kyrkja i Øygarden. Dei er er kyrkja sin viktigaste ressurs.

"Mange ynskjer å sjå vekst i arbeidet og ber for arbeidet. Samstundes må me huska på at berre Gud kan skape vekst", skriv soknepresten i årsmeldinga. Han skriv vidare at "den viktigaste ressursen kyrkja har er frivillige medarbeidarar".

Økonomi i 2014

Øygarden kyrjelege fellesråd hadde kr 5 800 000 i inntekt og utgifter på kr 5 872 000. Det var eit meirforbruk på kr 72 000.

Meirforbruket skuldast i hovudsak naudsynt fornying av utstyr som ikkje var budsjettert, som t.d. nytt kjøleaggregat i bårehuset i Blomvåg og nytt IKT-utstyr til kyrkjecontoret.

Soknerådet hadde inntekter til eige arbeid på kr 170 951. Av dette vert det overført kr 90 000 for å dekka kostnaden med Team.

Det vart m.a. kjøpt nye salmebøker og prosesjonskors til kyrkjene, i 2014, til ein samla kostnad på kr 82 400.

Investeringar i 2014

Den nye kyrkjegarden vart vigsla 1.4. Kostnaden på ca. 10 mill er betalt av Øygarden kommune som skal finansiera nye kyrkjegardar.

Kjøleaggregatet i bårehuset i Blomvåg måtte skiftast. Dette kosta kr 30 000. I tillegg måtte det gjerast reparasjonar på elektriske installasjonar i kyrkjene for kr 20 000.

Alt av IKT-ustyr på kyrkjecontoret var utgått på dato og måtte fornyast i 2014. Dette kosta kr 60 000.


Satsing mot 2015

- Utvikla gudstenestene
- Smågruppefellesskap
- Fokus på varme relasjonar
- Trusopplæringa
- Utrusta den enkelte til teneste og vitnemål.



Sparebanken Vest

– satsar på Vestlandet



- Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

EUROSPAR

Fisk - og ferskvarespesialisten

Fristende frukt og grønt

Innholdsrik betjent ostedisk

Nydelige nystekte bakervarer

Velsmakende varm mat

Herlig salat - og fruktbar

Måndag - fredag 8-22, Laurdag 9-20



EUROSPAR Rong tlf. 56 38 71 40

Vi formidlar blomster til innland og utland

INTERFLORA



Blomsterbua

Rong Senter

Telefon: 56 38 92 65

Postboks 107, 5331 Rong

-din el-kontakt

VESTGAR ELEKTRO

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit

T: 400 30 210

E-post: post@vestgarelekstro.no

www.vestgarelekstro.no



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- Vaskehall
- Kaffiaftale
- Gass



BLOM

SERVICESENTER AS

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

Godkjent bilverksted



Fag Revisjon as

Revisjon & regnskap

Kontakt oss på tlf. 56 38 72 70,
eller se mer informasjon på www.fagrevisjon.no

Fag Revisjon AS, Bølgekraftvegen 1, 5337 RONG, firmapost@fagrevisjon.no



- Snitter
- Varmmat
- Baguettar
- Koldtbord
- Koldtallerken

Rong Catering a/s
Tlf. 9185 6258

RONG SENTER

Eigne prisar for pensjonistar

Langope torsdag

TIMEBESTILLING 56 38 73 90

Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolantenn
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Torsvik
ELEKTRO

Tlf. 56 38 50 00

Vakttelefon: 922 34 062

www.torsteinsvik.no

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ

- En del av Koba Christensen gruppen



Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet

Skjenet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)

Stoffbua

Postboks 24, 5445 Bremnes
Tlf: 53 42 04 62

Vi har det meste til de fleste hobbyer!

Bunad - Scrapbooking - Kunstmaling

Quilting - Strikking - Hobby til barn

Treff oss på: www.stoffbuabremnes.no

Kjøp kjapt, trygt og billig

KIWI mini pris

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20

Mand – fred kl.07.00 – 23:00

Lørdagar 08:00 – 21:00



Åsane Begravelsesbyrå AS
v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgrt. 11, 5007 Bergen

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

E-post: post@solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

ÅGOTNES TANNHELSETEAM

Tannlegene
Benedikte Kolbeinshavn og
Sissel Blom

Vi tar imot gamle og nye pasienter!

Telefon: 96 90 44 00

Nyhende frå kyrkja i Øygarden finn du på vår heimeside:
www.kyrkja.no/oygarden

Det er vi
som bygger Øygarden



Tlf. 56 38 28 00 - Fax 56 38 28 09

Adr. Pålsneset, 5337 Rong

www.th-bygg.no

Vest Modul AS
5336 Tjeldstø

- Tilbygg
- Nybygg
- Rehabilitering
- Montering og utleie av brakker



Normann 958 19 905
Ingvard 958 10 967

Trelastlager Tjeldstø



Ønsker du
sol hjem?

Vi kan tilby 12 rørs solhimler
eller solseng med høy kvalitet.

Du ringer - vi bringer!

Vi forhandler også solariumskrem og -briller

B·P·S Solutleige
v/Arvid Rong 5337 Rong
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22

Mobil: 918 56 258

gygarden
elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40
Fax: 56 38 24 41
Mobil: 928 41 790
E-mail: post@oygarden-elektriske.no

Til lukke

70 år

- 29.april Otto Forstrønen,
Nordvikklubben 8
1.mai Magne Reidar Torsvik,
Tollbuvegen 6
4.mai Turid Gro Rosseland,
Sturevegen 116
9.mai Elise Irene Hjelme,
Hjelmevegen 154
17.mai Inger Lande Dale,
Arsettunet 40

75 år

- 4.mai Else Margrete Heggøy,
Slåttevegen 9
31.mai Nils Mikkelsen Vik,
Helgebrekka 27

80 år

- 28.april Mons Herbjørn Hellesund,
Tjødnarvegen 51
16.mai Magnhild Djupevåg,
Straumsneset 15

85 år

- 1.juni Konstanse Heimark,
Arsettunet 38

90 år

- 24.april Maria Dale, Sjurvika 11
27.april Magnhild Dale, Dalevegen 24
28.mai John Anfin Haugstad,
Knarrvikvegen 20



Hermund Rebnord

har vore vikarorganist i kyrkjene i Øygarden i mange år. No er Hermund tilsett som kantor i kyrkja i Askøy. Det betyr at me i Øygarden ikkje lenger kan nyta Hermund. Me takkar Hermund for ein svært god jobb og ønskjer han alt godt i den nye jobben.

Olav Martin Vik
kyrkjeverje



Eldreturnen i 2015

Eldretreffa i Hjelme og Blomvåg arrangerer tur til Modalen tysdag 2. juni.

Programmet vert klart i april. Du kan meld deg på turen, etter 15. april til kyrjekontoret i Øygarden, telefon 56382240 eller e-post: kontor@kyrkja.net

TUSEN TAKK

Nautnes Bedehus trong nye stolar. Dei gamle plaststolane hadde gjort si teneste gjennom meir enn 30 år, og me i styret meinte det var på tide å få nye. For å få dette til, trong me økonomisk hjelp og oppfordring til stolaksjon gjekk ut til einskildpersonar og bedrifter. Responsen vart kjempefin! Tenk no har me fått 42 vakre stolar og så å seia alt er betalt ved hjelp av gåver! Tuset takk!

Bodil Martinussen, Kjersti W. Kårbo, Astrid Nautnes Rustad,
Normann Martinussen, Bjarne Skjold

Gudstenester i Øygarden

19.april Blomvåg kyrkje kl. 11.00
Sprell levande gudsteneste v/ Espen Tveten. Søndagsskulens dag. Babysang-gruppa deltek. Dåp. God kyrkjekaffi

26. april Hjelme kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste v/ Espen Tveten.
Nattverd. Søndagsskule

2. mai Blomvåg kyrkje kl. 10.30
Konfirmasjonsgudsteneste v/ Espen Tveten

2. mai Blomvåg kyrkje kl. 12.30
Konfirmasjonsgudsteneste v/ Espen Tveten

3. mai Blomvåg kyrkje kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste v/ Espen Tveten

9.mai Blomvåg kyrkje kl. 10.30
Konfirmasjonsgudsteneste v/ Espen Tveten

9.mai Blomvåg kyrkje kl. 12.30
Konfirmasjonsgudsteneste v/ Espen Tveten

10.mai Hjelme kyrkje kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste v/ Espen Tveten

17. mai Blomvåg kyrkje kl. 11.00
Familiegudsteneste v/ Espen Tveten

17. mai Hjelme kyrkje kl. 12.30
Familiegudsteneste v/ Espen Tveten

24. mai Hjelme kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste v/ Helge Unneland.
Dåp. Nattverd. Søndagsskule

25.mai Blomvåg kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste v/ Helge Unneland.
Nattverd

31. mai Blomvåg kyrkje kl. 11.00
KRIK-gudsteneste v/ Espen Tveten.
Gospel teens deltek

7.juni Gløvra kl. 11.00 (oppmøte 10.30 v/Hjelme gravplass) Friluftsgudsteneste v/ Espen Tveten. Ta med niste. Aktiviteter for born etter gudstenesta

Døypte

Blomvåg

- Sebastian Sæle Myklebust, Blomøyvegen
- Liva Halsne, Ingjervegen, (Salem, Bergen)

Hjelme

- Anna Kristine Bjerkeland Gjerstad, Bergen
- Felix Solberg-Aarstad, Hafrsfjord
- David Fagerholt Andersen, Bårddalslivegen

Døde

Blomvåg

- Astrid Rasmussen Torsvik, Tjødnarvegen f. 1932
- Ronald Paulsen, Veslevarden f. 1967
- Magnhild Karen Rong, Rong f. 1920
- Ingebjørg Valda Skrāmestø, Fagrebakkane f. 1989

Hjelme

- Solveig Vassbotn Sanden, Nygardsvegen f. 1934



*Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN*

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden



Espen Polden



Elin Mikkelsen Berntsen



Heine Polden



Tom Wilson

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no



AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50



AVD. SOTRA
2. etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50





DEN NORSKE KYRKJA

Øygarden soknråd

Øygarden kyrkjelege fellesråd

ØYNYTT

kommunikasjonsorgan for
Den norske kyrkja i Øygarden

Ansvarleg redaktør:

Olav Martin Vik

Redigering og lay-out i InDesign

Olav Martin Vik

I redaksjonen

Hogne Berland, Olav Martin Vik, Kari Sandøy Rong, Espen Tveten og Anders Vik.

Kontingent

Min. kr 125 innan kommunen
Min. kr 175 utanom kommunen

Takkeannonser

Kr 100

Kontonummer

3628 07 02557

Trykk

Bodoni, 5017 Bergen

Distribusjon

DEN NORSKE KYRKJA I ØYGARDEN

Kyrkjekontoret

Ekspedisjonstid: måndag-fredag kl. 09-15
Besøksadresse: Rong senter, 2. etasje
Postadresse: Boks 144, 5331 Rong

Telefon

56382240

Telefaks:

56382241

Vakttelefon prest:

56382240 (dagtid)

E-post:

kontor@kyrkja.net

Nettside:

www.kyrkja.no/oygarden

Facebook: KyrkjaOygarden

Medarbeidarar

Kyrkjeverje/dagleg leiar Olav Martin Vik
e-post: kyrkjeverje@kyrkja.net
Tlf. 56382243/93264400

Sokneprest Espen Tveten
Tlf. 56382244
E-post: sokneprest@kyrkja.net

Kontorleiar Kari Sandøy Rong
E-post: kontor@kyrkja.net
Tlf. 56382240

Kyrkjelydsmedarbeider Hogne Berland
pedagog@kyrkja.net
Tlf. 56382247

Kantor Anne Lise Grøm
E-post: kantor@kyrkja.net
Tlf. 91881208

Diakonimedarbeidar Bjørg Blom
E-post: diakon@kyrkja.net
Tlf. 47816181

Kyrkjetenar Kåre Kristoffersen
Blomvåg kyrkje, tlf. 91105197

Kyrkjetenar Janesh Ameyna
Hjelme kyrkje, tlf. 95823472

Teamet, tlf. 56382240 (kontoret)

Leiar i kyrkjelege råd: Erling Vik, tlf. 48210462

Beredskapstelefon i Vesthordland prosti

Kvardagar frå kl. 17 til kl. 8 neste morgen og heile lørdag og søndag, tlf. 95483655. Gjeld berre for tenester som ikkje kan venta og dødsbod. Legg att beskjed om du kjem til telefonvarar.

Returadresse:

ØyNytt

Postboks 144

5331 Rong

B



DISTRIBUERAST AV POSTEN NORGE
ØyNytt

G.P.P. PORTO BETALT



Fellesskap på Visjonskvelden i Blomvåg kyrkje i 2014. Foto: DNK Øygarden

Varme fellesskap

Av: sokneprest Espen Tveten

«Det var så godt å vera her». I blant får me slike tilbakemeldingar etter eit arrangement, ein leir eller ei gudsteneste. Det er ikkje alltid lett å forklara kva som gjer at det opplevast «godt å vera her». Men ein faktor som ofte har betydning er om fellesskapet opplevast som varmt.

I eit fellesskap der omsorg og kjærighet er naturleg, er det stor sjanse for at det er vekst. Ofte er det eit stort fokus på talen og songane i våre samankomster. Det er sjølvsgaitt viktig, men me må også arbeide for at det opplevast godt å vera ein del av kyrkjelyden.

Omsorg og kjærighet gir kyrkjelyden større tiltrekningskraft enn alle slags marknadsføringstiltak.

Om ein kan smile og le i ein kyrkjelyd,

heng ifølge kyrkjelydsforskning også saman med vekst.

Behovet for venskap og å bli sett har me alle. Desse behova kan verta dekte i kyrkjelyden. Men då må me tenkje breiare enn til berre gudstenesta. Det som skjer på tomannshånd eller i ei smågruppe, er viktig for kyrkjelydslivet. Og ansvaret for å visa varme og omsorg kviler på oss alle.

Kva som skal til for å skapa varme fellesskap vil me jobbe meir med i tida som kjem. Og me invitarer alle til å ta del i dette arbeidet, mellom anna på årsmøtet som finn stad 22. april.

**31. mai kl. 11
KRIK- gudsteneste**

Reserver søndag 31. mai. Då er det KRIK-gudsteneste i Blomvåg kyrkje kl. 11.00. Aktivitetar og servering, etter gudstenesta.



Konfirmasjonsdagar i 2016

Fordelt etter skulekrinsar

Lørdag 30.4. 10.30 Toftøy (Blomvåg k.)
Lørdag 30.4. 12.30 Rong (Blomvåg k.)
Lørdag 07.5. 11.00 Blomvåg (Blomvåg k.)
Søndag 08.5. 11.00 Bakken/Alvheim
(Hjelme k.)

Dette er utgangspunktet og alle er garantert plass den dagen deira skulekrins er sett opp. Det går også an å ønske seg ein av dei andre dagane. Vi vil forsøke så langt det er mogleg at alle får den dagen som passar best.

ØyNytt 3/15 kjem ut 03.06.15. Annonsefrist er 16.05.15



kyrkjaioygarden

